



Foto: Synnøve S. Bjørset

INGRID ANDERSEN HEIEREN

f. 1988, Jølster i Sunnfjord

Ingrid begynte å spele hardingfele som tiåring, og har gått i lære hjå mellom andre Knut M. Sandal og Sigmund Eikås. Ho har sidan starten vore ein aktiv deltakar på kurs, kappleik og festivalar, og ho spelar slåttemusikk frå heile Sogn og Fjordane.

Ingrid har studert folkemusikk i Rauland, og for tida er ho student ved Norges Musikkhøgskole i Oslo, der ho har Håkon Høgemo som lærar. No gler ho seg til å vere instruktør på Mokurset, med gode minner frå sine eigne år som elev friskt i minne!